

Fra: Rolf Rosenlund (Rolf.Rosenlund@hfk.no)

Sendt: 17.11.2016 16:02:28

Til: heidiakyol@msn.com

Kopi: Anne Vedvik; Gerd Eva Napsøy

Emne: Bruk av reserveløyve

Vedlegg:

Syner til møte i dag. Etter det me forstår er problemstillinga som fylgjer. Du har eitt hovudløyve med rullestol og eit reserveløyve. Bilen på hovudløyve er kun eitt år gamal, og av økonomiske årsaker (avgiftsrefusjon) må den halda fram med å gå som hovudløyve. På grunn av helsemessige årsaker kan du ikkje køyra bilen på hovudløyve, og heller ikkje sjåføren din på natt kan av helsemessige årsaker køyra rullestolbilen. Du ynskjer difor å nytta bilen på reserveløyve på natt, og la hovudløyve stå.

Etter å ha vurdert saka har me kome til at me diverre ikkje kan gje dispensasjon for bruk av reserveløyve i staden for hovudløyve på køyring i periodar når reservebilen skal stå inne. Som du er kjent med har me den siste tida skjerpå inn bruken av reserveløyve i dei periodane som desse skal stå inne. Det ser ut til at løyvehavarane har akseptert denne innskjerpinga. Me har likevel fått spørsmål frå andre løyvehavarar om å dispensera frå denne regelen, men me har ikkje funne å kunna gje dispensasjon. Me ynskjer ikkje å opna for bruk av sideskilt med mindre det gjeld skade eller større reparasjon på hovudløyve.

Helsing

Rolf Rosenlund